

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FE-223	18/251

Saknr	Utval	Type	Dato
094/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023
022/2023	Teknisk utval	PS	22.08.2023
084/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Søknad om økonomisk støtte frå fiskefondet i Frøysetelva

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Fiskefond	12.09.2023
LFI_2020_R391_Yndesdalsvassdraget_SFV	12.09.2023
Løyve - Fysiske tiltak i vassdrag - Frøysetelven - Yndesdalsvassdraget (L)(256211)	07.08.2023
Notat gyteareal, grusutlegg og fisketrappen 2012 (1) (1) (L)(256212)	07.08.2023
Notat Mulighetsstudie fisketrapp i Frøyset 13.01.2023 (L)(256213)	07.08.2023
NVE si vurdering - Ber om NVEs innspill til søknad om støtte til (L)(256214)	07.08.2023
Samtykke gytegrus (1) (L)(256215)	07.08.2023
VS Søknad til Fiskefondet i Masfjorden Kommune. (L)(256210)	07.08.2023
Frøyset- søknad-kostnadoverslag	23.08.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sameiet Frøyset grunneigarlag søker om løyve til utlegg av gytegrus i Frøysetelva, i Yndesdalsvassdraget, i Masfjorden kommune. Vassdraget blei kartlagt av NORCE LFI i 2012. Ut ifra kartlegginga blei det anbefalt grusutlegg ved fem lokalitetar, sjå kart s.5 i Notat. I notat fra befarings januar 2023 er det anbefalt å prioritera grusutlegg ved utløpet av Sleirevatnet og Langavatnet, sidan disse er dei største og best eigna lokalitetane. Grusutlegg ved disse lokalitetane kan auka gytearealet med ca. 1000 m², og vert vurdert til å kunna auka produksjonen av ungfisk i vassdraget. Arbeidet skal utførast over to dagar, 9-11 august 2023, av NORCE LFI, grunneigarane og Tore Samuelsen. Søkjar vil nytta helikopter ved grusutlegg, for å unngå slitasje på natur. Løyve er gjeve. Frøysetelva i

Yndesdalvassdraget har bestander av laks og sjøørret. Tilstanden til begge bestandene er vurdert å være «moderat» (laks vurdert for perioden 2015-2019, sjøørret vurdert i 2021)

Høyring

Tiltaket er sendt Statsforvaltaren i vestland 30.01.2023, og løyve til dei fysiske tiltaka i vassdraget er gjeve, sjå vedlegg.

NVE fekk saka til vurdering 16.01.2023, og kan ikkje sjå at utlegg av gytegrus vil påverke verneverdiane i vassdraget negativt.

Masfjorden kommune som kalkar vassdraget i samråd med stasforvaltaren si miljøvernavdeling ser heller ikkje negative sider med tiltaket som har betydnig.

Samla sett vil tiltaket ha stort sett positive verknader der ein forutset at hensynet til kartlagde naturtypar og raudlisteartar vert ivaretekne.

Uttale

Utover nemnde notat frå NORCE ligg det også føre ein mulighetsstudie for fisketrapp og habitattiltak i Ynnesdalvassdraget. Undersøkingane her går både på gytegrus samt forslag til tiltak i fisketrappa ved demningen ovanfor Svarthølen.

Fakta

Søknaden her gjeld utlegging av 500 tonn gytegrus i den anadrome delen av vassdraget med helikopter frå skuleplassen på Sleire. Dette for å unngå naturinngrep i størst mogleg grad. Grusen vert tilkjørd med lastebilar for mellomlagring. Vidare er her transport Sløvåg-Sleire. Maskin- og helikopterleige, leige av forskarar/dykkarar frå NORCE, overnatting, dugnadsmat, og utstyr samt leige av lagerplass.

Vurdering

NVE vurderer tiltaket opp mot § 8 i vassressurslova; «*Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten*».

Yndesdalvassdraget er verna vassdrag og vassdragsvernet gjeld både kraftutbygging og andre inngrep som kan skade verneverdiane i vassdraget. Utlegg av gytegrus vil ha ein liten og relativt kortvarig påverknad, og har samla sett ein positiv verknad på vassdragsmiljøet ved at tiltaket kan

auke produksjonen av anadrom fisk. Tiltaket vert utført skånsamt ved at det vert nytta helikopter. Vi kan ikkje sjå at utlegg av gytegrus vil påverke verneverdiane ivassdraget negativt. Det er registrert naturtypar og raudlista artar i vassdraget. Tiltaka vil føregå utanom dei registrerte naturtypane, og vil truleg ikkje påverke naturtypane i nemneverdig grad. Dei raudlista artane i vassdraget er ulike fugleartar. Tiltaka må ta omsyn til hekkande fugl, og kan ikkje påverke dei raudlista artane på ein negativ måte. Vi vurderer dei planlagde gytegrusutlegga til å ha ingen eller kortvarig marginal påverknad på naturtypar og raudlista artar i vassdraget

Konklusjon

Søknaden er godt forankra i grundig kartlegging av fiskebiologiske fagkunnige, statsforvaltar. NVE og kommunen og tilskot bør gjevast i tråd med søknad.

Teknisk utval - 022/2023

TU - behandling:

Ørjan Daae er med i grunneigarlaget, og er difor inhabil. Ørjan forlot møte og Atle Nordland tok over som møteleiar.

Før møte kom det spørsmål kring storleik på fondet, årleg tilskot til fondet og løyvingar ei siste 5 år. Det er opplyst frå rådmannen at fondet no har ca. 860.000,- og at årleg tilskot er på 35-37.000,-

Dei siste 5 åra er det kome 4 søknader som har fått tilskot. 3 av desse har vore til Frøysetvassdraget.

Det var ikkje lagt ved spesifisert utrekning av kostnadsoverslaget og dette vart gjennomgått i møte.

TU peika på at ordninga med fiskefondet er lite synleg for aktuelle søkjarar og oppfordra adm. til å gjera ordninga meir synleg gjennom opplysningar på heimeside, i aktuelle tidsskrift osv.

TU bad om god oppfølging av kostnads-/ tilskotssida ved prosjektet.

Ein gjekk og gjennom vedtektene til fiskefondet og i følgje §7 her, er det ei grense på kr. 100.000,- som kan vedtakas av TU. Over dette må det avgjerast i Formannskapet. Sidan søknaden er over

grensa, må saka difor oversendast til Formannskapet. TU stilte seg likevel positiv til saka.

Fylgande vedtak vart lagt fram og samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

TU er positiv til at Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart. Endeleg avgjersle må takast av formannskapet.

Formannskapet - 094/2023

FS - behandling:

Siri Tangedel Kratzmeier (KrF) sa ho var inhabil i saka sidan ho er med i grunneigarlaget. Det vart samrøystes vedteke at Kratzmeier var inhabil og ho forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Teknisk Utval vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret

FS - vedtak:

Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart.

Kommunestyret - 084/2023

KS - behandling:

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sa ho var inhabil fordi på er medlem i grunneigarlaget. Det vart samrøystes vedteke at Kratzmeier var inhabil og ho forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart.